

FORTELJING SOM IDENTITET

Ein presentasjon av Paul Ricoeurs omgrep "narrativ identitet"
og ei drøfting av kor vidt omgrepet kan gi eit normativt grunnlag for
arbeid med forteljingar blant alvorleg sjuke og døyande



Vitskapsteoretisk essay
Senter for Vitskapsteori, Universitetet i Bergen
desember 2006

Av Oddgeir Synnes, Betanien diakonale høgskole

Rettleiar: Torjus Midtgarden, Senter for vitskapsteori, UiB

INNHALD

1. Bakgrunn for problemstillinga	s. 3
2. Ein første tentativ presentasjon av feltet	s. 4
3. Femte studie: personleg identitet og narrativ identitet	s. 6
3.1 Karakter og å halde ord	s. 7
3.2 Karakter	s. 8
3.3 Å halde ord	s. 9
3.4 Narrativ identitet	s. 9
4. Sjette studie: sjølvvet og narrativ identitet	s. 10
4.1 Narrativ identitet og dialektikken mellom sjølvvet og det same	s. 10
4.2 Eit liv sin narrative einskap	s. 14
4.3 Forteljninga sine etiske implikasjonar	s. 17
5. Narrativ identitet: filosofisk fundament for praksis?	s. 19
Litteratur	s. 20

1. BAKGRUNN FOR PROBLEMSTILLINGA:

1. Gjennom fleire år har eg arbeidd med eldre menneske og bruk av skrivne tekstar og forteljingar. Ein sentral hypotese (og etter kvart erfaring) har vore at arbeid med verbalt kreative tekstar og forteljingar har ei rekkje positive effektar (Synnes, Sætre og Ådlandsvik 2003).¹ Det teoretiske fundamentet for dette arbeidet har røter i filosofiske og litteraturvitskaplege retningar der ulike hermeneutiske synspunkt har vore viktig. Paul Ricoeurs tankar kring det poetiske språket og forteljinga var her ein viktig inspirasjon.
2. I ein seinare artikkel (Synnes 2005) argumenterer eg for ein auka kontakt mellom unge og eldre der nettopp forteljinga som møtestad blir framheva. Her freistar eg å kombinere Emmanuel Levinas sin nærleiksetikk med Ricoeurs forståing av forteljinga som identitetskonstituerande slik dette særleg kjem til uttrykk i *Oneself as Another* (1992). Omgrepet narrativ identitet er her sentralt.
3. Våren 2006 starta eg eit prosjekt med kreativ skriving og forteljing blant alvorleg sjuke og døyande. Møtet med deltakarane sine historier og utsegner om kva dette betydde for dei, har gjort inntrykk. Tankane vende attende til Ricoeurs omgrep narrativ identitet og hans utsegn om at ei forteljing ikkje treng å vere forutsigbar, så lenge den er akseptabel.

Eg ønskjer i dette essayet å gi ein nærmare presentasjon av Ricoeurs omgrep narrativ identitet i det eg ser at det kan vere eit verdfullt filosofisk fundament for eige arbeid med forteljingar blant døyande. Ofte føler eg at akademikarar (meg sjølv medrekna) viser til sentrale arbeid på eit så generelt plan at det originale og særreigne med teorien forsvinn. Eg vil derfor nytte høvet til å gå i djupna på Paul Ricoeurs ofte refererte omgrep "narrativ identitet" og vonleg kunne gi ein fyldig presentasjon av omgrepet.

Problemstillinga for essayet er som følgjer: "Forteljing som identitet: Ein presentasjon av Paul Ricoeurs omgrep *narrativ identitet* og ei drøfting av kor vidt omgrepet kan gi eit normativt grunnlag for arbeid med forteljingar blant alvorleg sjuke og døyande". Hovudvekta vil ligge

¹ Vi har erfart at kreativ skriving og forteljing kan verke stykande på sjølvbiletet, gi aukt tru på eigne evner og at det kan ha ein terapeutisk effekt m.m.

på presentasjonen av narrativ identitet som vil bli belyst gjennom ei nærlesing av studie nummer fem og seks i *OAA*. Samstundes vil eg undervegs relatere aktuelle moment og omgrep til eigen praksis. I avslutninga vil eg drøfte om Ricoeurs *filosofiske* prosjekt kan gi grunnlag for eit normativ grunnlag i forhold til eige arbeid med forteljingar blant alvorleg sjuke og døyande.

Sjølv om Ricoeur innfører omgrepet narrativ identitet i *Time and Narrative Vol. III* (1988), vil eg ha hovudfokus på *OAA* der Ricoeur for alvor går i djupna på temaet personleg identitet. Eg innbillar meg ikkje at eg kan gi nokon presentasjon av verket i sin heilskap, men ønskjer å fokusere spesifikt på argumentasjonen kring omgrepet narrativ identitet slik dette kjem til uttrykk i opningskapitlet og i hovudsak i studie nummer fem: "Personal Identity and Narrative Identity" og i studie nummer seks: "The Self and Narrative Identity". Målet er å vise Ricoeurs filosofiske argumentasjon fram mot ein hermeneutikk av sjølvet der forteljinga sine strukturar er sentrale for å gripe personleg identitet.

2. EIN FØRSTE TENTATIV PRESENTASJON AV FELTET

Det interessante med Ricoeurs *OAA*, er at han legg grunnlaget for ei ny forståing av personleg identitet, som ikkje endar i Descartes fikserte og statiske identitetsomgrep og som står opp mot Nietzsches totale negasjon.² Ricoeur prøver med andre ord å innta ein mellomposisjon der personleg identitet blir sett som både konstant og foranderleg på same tid.

OAA er eit komplekst verk som byggjer vidare på argumentasjonen Ricoeur arbeidde med i trebindsverket *Time and Narrative*. Men medan Ricoeur i *Time and Narrative 1–3* er oppteken av analysen av narrativ i fiksjon og forholdet mellom fiksjon og historiefaget, utvidar han i *OAA* sin narrative teori til identitet og etikk: Kva skapar identiteten vår, og korleis skal vi leve livet?

Introduksjonen til *OAA* har tittelen "Spørsmålet om sjølvdom/sjølvet" ("The Question of Selfhood"). Ricoeur ønskjer å gi eit alternativ til subjektfilosofiens argumentasjon kring

² Descartes freista å etablere *cogito*, dvs. utsegna "Eg tenkjer, altså er eg" som første sanning, som eit epistemisk fundament for all anna erkjenning. Dette fundamentet har seinare blitt kritisert, særleg av Nietzsche som påviste det umoglege i eit fast fundert *cogito*.

cogito. Problemet for subjektstilosofien, er i følgje Ricoeur, at spørsmålet alltid er knytt til eit eg, uavhengig av om dette eg'et er sett som fast fundert eller i oppløysing. Ricoeurs hermeneutikk av sjølvvet plasserer seg i opposisjon til begge desse tradisjonane.³ Han viser til tradisjonen frå Descartes som har freista å stable på beina eit endeleg fundament for *cogito*. Ved å vise til Descartes argumentasjon kring *cogito* i *Meditations on First Philosophy*, argumenterer Ricoeur mot denne posisjoneringa av *cogito*. Utan å trøytt lesaren med ein repetisjon av denne argumentasjonen, vil eg berre trekkje fram eitt aspekt som er sentralt for den vidare argumentasjonen kring ein narrativ identitet: I ein del av *Meditations* trekkjer Descartes fram ei rekkje eigenskapar med *cogito*: eit subjekt som tvilar, forstår, nektar, vil, sansar m.m. Ricoeur svarer på dette slik:

This enumeration poses the question of the identity of the subject, but in a sense entirely different from the narrative identity of a concrete person. This can involve nothing but a kind of pointlike ahistorical identity of the "I" in the diversity of its operations; this identity is that of the *same* that escapes the alternatives of permanence and change in time, since the *cogito* is instantaneous. (7)

Her ser vi tydeleg eitt av hovudargumenta som vi vil følgje opp utetter: skal vi kunne gripe identiteten som noko som *både* kan ivareta *permanens* og *endring* i tid, må ein søkje utover det punktuelle *cogito*. Forsøka på ei endeleg etablering av *cogito*, ser Ricoeur som byrjinga til *cogito*'s krise, sluttført av Nietzsche.

Ricoeurs alternativ til desse to retningane er det han kallar ein hermeneutikk av sjølvvet eller ein sjølvets hermeneutikk (Hermeneutics of the Self). Sentralt for Ricoeur er spørsmålet "kven" (who), som, avhengig av kva ein spør etter alle gir svaret på det same: nemleg ulike sider ved sjølvvet. Dei ni studiane som følgjer introduksjonen kan grupperast under fire spørsmål som alle er med og kastar lys over spørsmålet om identitet og sjølvvet: Kven snakkar, kven handlar, kven fortel om seg sjølv, kven er det moralske subjektet? (16). I studie nummer fem og seks, er det spørsmålet om kven det er som fortel om seg sjølv, som står sentralt.

³ Tradisjonen frå Descartes utgjer i følgje Ricoeur, Kant, Fichte og Husserl. Tradisjonen frå Nietzsche blir ikkje namngitt, men her ligg implisitt dei Ricoeur omtalar som "mistankens hermeneutikarar", Marx og Freud (saman med Nietzsche), og truleg og tenkarar som Foucault og Derrida.

3. FEMTE STUDIE: PERSONLEG IDENTITET OG NARRATIV IDENTITET

Femte studie byrjar med å erklære at personleg identitet berre kan bli artikulert i den temporale dimensjonen av menneskeleg eksistens (114). For å gi eit svar på denne utfordringa, må vegen gå om ei nyskaping av den narrative teorien som blei framlagt i *Time and Narrative Vol. III*.⁴ Dette er det Ricoeur i hovudsak gjer i studie nummer 6 og utetter. Men før han kjem så langt, ønskjer Ricoeur å sjå på dei problema vi støyter på når vi prøver å fikse ein personleg identitet. Dette gjer han ved å innføre dei to latinske omgrepa *idem* og *ipse*. Medan *idem* blir knytt til identitet som sameness, *det same* (identity as sameness) blir *ipse* knytt til identitet som *sjølv* (identity as selfhood). Vi er avhengige av begge desse formene for identitet for å kunne ha ein personleg identitet. Og det einaste området vi kan gripe desse to er der dei møtast: i narrativ identitet. Gjennom å fortelje ei historie om meg sjølv/å sjå livet mitt som ei forteljing, kan eg oppnå ei forståing av kven er var, er og skal bli. For Ricoeur er distinksjonen mellom det same og sjølv heilt fundamental for å forstå personleg identitet og årsaka til at teoriar om identitet som ikkje tek innover seg dette skiljet, vil mislykkast.

Skiljet mellom desse to formene for identitet blir særleg problematisk når det gjeld spørsmålet om permanens over tid. Permanens over tid er i stor grad knytt til identitet som *det same* (*idem*) der dette handlar om "...a concept of relations and a relation of relations" (116). Ricoeur trekkjer fram tre ulike formar for identifisering som viser dette: identifisering av numerisk identitet (numerical identity), av kvalitativ identitet (qualitative identity) og av uavbroten kontinuitet (uninterrupted continuity). Identifisering av *numerisk identitet* er at vi gjenkjenner ein ting eller ein person som ein og den same, uavhengig av korleis dette/denne opptrer i ulike situasjonar i tid og rom. Identifisering av *kvalitativ identitet* handlar om noko eller nokon som er så like at det er vanskeleg å skilje. Særleg problematisk blir desse formene for identifisering over tid, der Ricoeur viser til døme med augevitneforklaringar der offeret ofte ikkje kan vere heilt sikker på at det er overgriparen som står framfor han/henne. Avstand i tid gjer at ein må ty til det tredje prinsippet for identitet for å vere sikre på at ein kan gripe identitet som permanens: *Uavbroten kontinuitet* handlar om endring som likevel ikkje trugar

⁴ Her innfører Ricoeur omgrepet narrativ identitet som ein hypotese eller eit forsøk på å sameine dei to narrativa historie og fiksjon: "self-undersanding is an interpretation; interpretation of the self, in turn, finds in the narrative, among other signs and symbols, a priveleged form of mediation; the latter borrows from history as well as from fiction, making a life story a fictional history or, if one prefers, a historical fiction..." (114)

einskap: eit frø som blir eit tre, eit dyr som er det same frå fødsel til død, bilete av oss sjølve frå barndom til vaksen.

Dette spørsmålet om identitet som *det same* (idem) er knytt til spørsmålet ”kva?” (”kva er eg?”), eller snarare er svaret på dette spørsmålet (Simms 2003, s. 103). Dette spørsmålet er det subjektstilosofien tradisjonelt har vore oppteken av. Men for å få ei verkeleg forståing av personleg identitet, treng vi og å finne svar på det spørsmålet ”kven er eg?” Er der ein form for permanens i tid som kan knytast til spørsmålet ”kven?” (118). Dette siste spørsmålet er knytt til identitet som *sjølv* (ipse).

3.1 Karakter og å halde ord:

For å utdjupe skiljet mellom sjølv (ipse) og det same (idem) viser Ricoeur til to område der vi kan ha permanens i tid: *karakter* (character) og *å halde ord* (keeping one's word). Med karakter meiner Ricoeur dei *varige eigenskapane* som ein person blir gjenkjend ved (121). Å *halde ord* er ei akt av å vere trufast overfor seg sjølv (self-constancy) trass i endring. Det er ei akt som ikkje kan tilskrivast *karakter*, sidan det *å halde ord* kan kome til å gå på tvers av *karakter*. Eg står fast ved det eg lova, eg fast ved meg sjølv, sjølv om karakteren min har endra seg. Dette er eit element som handlar om spørsmålet ”kven?” og ikkje det meir generelle spørsmålet ”kva?” som først og fremst kjenneteiknar karakter.

Mellom *karakter* og *å halde ord* er der ein polaritet. Medan permanens i karakter overlappar med både *det same* (idem) og *sjølv* (ipse), skil *det same* og *sjølv* seg når det gjeld permanensen i det å halde ord. Gapet som opnar seg mellom desse to identitetane, blir halde saman av den narrative identiteten. I Ricoeurs eigne ord:

...the polarity I am going to examine suggests an intervention of narrative identity in the conceptual constitution of personal identity in the manner of a specific mediator between the pole of character, where idem and ipse tend to coincide, and the pole of selfmaintenance, where selfhood frees itself from sameness. (119)

Det er i akta å halde ord at sjølv (ipse) frigjer seg frå det same (idem). Utfordringa for Ricoeur er at han må vise skilnaden mellom *det same* og *sjølv* når det gjeld permanens for slik å påvise at personleg identitet treng ei forståing, ikkje berre av desse to identitetane, men og av narrativ identitet som ei mediering mellom dei to.

3. 2 Karakter:

Karakter består, som alt nemnd, av varige eigenskapar som ein person blir kjenneteikna ved. Det første momentet som høyrer til desse varige eigenskapane er vane (habit). Vane har eit tosidig element over seg: vane som blir forma og vane som ein har.⁵ Med andre ord, så gir vane eit *historisk* element til *karakter*, samstundes som sedimenteringa av vane dekkjer over dette elementet av endring. Det er dette som gir ei overlapping av dei to identitetane: sjølv (ipse) og det same (idem): "...my character is me, myself, *ipse*; but this *ipse* announces itself as *idem*. Each habit formed in this way, aquired and become a lasting disposition, constitutes a *trait* – a character trait, a distinctive sign by which a person is recognised, reidentified as the same..." (121).

Det andre momentet som er viktig i forhold til varige eigenskapar er *tileigna identifikasjonar* (acquired identifications). Dette utgjer dei verdiar, normer, ideal, modellar m.m. som ein person eller eit samfunn identifiserer seg med og blir gjenkjent ved. Her skjer eit skifte ved at det andre blir inkorporert i komposisjonen av det same (idem). Ein identifikasjon med verdiar gjer at ein plasserer noko ytre (det andre) i relasjon til ein sjølv. Dette bringer, i følgje Ricoeur, eit element av *lojalitet* inn i karakter, som igjen fører til ei stadfesting eller eit vedlikehald av sjølv. I dette tilfellet møtast polaritetane *sjølv* og *det same*, og viser at ein ikkje kan tenkje seg den første utan den siste, sjølv om dei overlappar kvarandre heilt. På denne måten gir karakter gjennom *tileigna identifikasjonar* og *varige eigenskapar* ein permanens i tid som definerer det same.

Men sjølv om karakter inneber at *idem* (det same) overlappar *ipse* (sjølv), betyr ikkje det at det er uråd å skilje mellom dei. Tileigna vanar, internaliseringa av verdiar som ligg manifest i den stabile strukturen karakter (det same), inneber ei utvikling og ei historie (sjølv). Og denne utviklinga kan bringast fram i lyset gjennom forteljing: "What sedimentation has contracted, narration can redeploy" (122). Eit døme frå eigen klinisk praksis kan illustrere dette: Ei eldre kvinne fortalde om opplevingar i barndom og ungdom som gjorde at ho hadde blitt den ho var, at ho hadde bestemte haldningar og ei bestemt livsinstilling. Utan forteljinga såg vi berre dei sedimenterte karaktertrekka.

⁵ Ricoeur spesifiserer ikkje kva han legg i omgrepet vane, men utifrå samanhengen tydar det på at det inneber både konkrete/fysiologiske vanar og mentale disposisjonar.

3.3 Å halde ord:

Å *halde ord* er den andre modellen for permanens i tid når det gjeld identitet. Her frigjer sjølv (ipse) seg frå det same (idem). Å halde ord er ei akt av å vere trufast overfor seg sjølv som ikkje kan relaterast til karakter. Det sistnemnde inneber ei haldning som står opp mot endring og tid: Sjølv om eg skulle endre meining, vil eg stå ved lovnaden eg har gitt (124). Slik handlar sjølv om endring utan at identiteten går tapt, eller sagt på ein annan måte: ved å halde ord, opprettheld ein seg sjølv, trass i at karakteren kan ha endra seg. Men kan ein ikkje innvende mot dette at det å halde ord nettopp kan vere eit trekk ved karakteren? At det å stå ved ein lovnad kan vere uttrykk for ei prinsippfast innstilling? Mot dette hevdar Ricoeur at det er stor forskjell på å vere trufast mot karakteren sin, og det å vere trufast overfor ein lovnad: "The continuity of character is one thing, the constancy of friendship is quite another." (123). Slik eg tolkar Ricoeur ligg det i dette at ei bevaring av vennskap ikkje kan relaterast til noko så generelt som karakter. For å bevare eit vennskap er det ikkje nok med ei på førehand definert haldning – ei slik haldning vitnar ikkje om ekte vennskap, men ideologi. Og som Simms understrekar: ein fast karakter kan likevel mangle vennar, men det å halde ord, skapar vennskap (2003, s. 104). Poenget er at å halde ord, er noko som ofte inneber ei utfordring av haldninga, karakteren. Likevel vel ein å vere trufast mot seg sjølv (den ein ein gong var) og andre gjennom denne akta.

3.4 Narrativ identitet:

Mellom *idem* og *ipse*, mellom *karakter* og *å halde ord*, er der eit tidsmessig intervall som trengst fyllast. Og det er her Ricoeur innfører *narrativ identitet*, som ein meklar mellom dei to polære identitetane:

...narrative identity oscillate between two limits: a lower limit, where permanence in time expresses the confusion of *idem* and *ipse*; and an upper limit, where the *ipse* poses the question of its identity without the aid and support of the *idem*. (124)

For å ha ein personleg identitet treng vi både det same (idem) og sjølv (ipse), og den einaste måten vi kan gripe desse på er gjennom narrativ identitet. Men Ricoeur overlet til sjette studie å gi ein fyllestgjerande presentasjon av narrativ identitet. Det viktige i studie fem er presentasjonen av dei to ulike identitetane og klargjeringa av at ein treng narrativ identitet for å fylle gapet mellom dei nemnde to.

4. SJETTE STUDIE: SJØLVET OG NARRATIV IDENTITET

I sjette studie viser Ricoeur til to særskilde område som han ønskjer å fokusere på: 1. å utforske narrativ identitet i dialektikken mellom sjølvvet (ipse) og det same (idem), 2. ei undersøking av korleis narrativ teori kan fyller tomrommet mellom handlingsteori og moralsk teori.⁶

4.1 Narrativ identitet og dialektikken mellom sjølvvet og det same:

For Ricoeur er det berre i dialektikken mellom sjølvvet og det same at narrativ identitet avslører seg og rettferdiggjær seg som eit viktig bidrag til konstitueringa av personleg identitet (140). Han viser til Diltheys omgrep *Zusammenhang des Lebens* som Dilthey kopla til førestillinga om ei livshistorie. Denne koplinga syner den førforståinga av *samanheng* som vi har av ei livshistorie – vi har ei førestilling om at livet kan gripast som ei meningsfull eining. Det er denne førestillinga den narrative teorien kring identitet ønskjer å kartlegge i forhold til forteljinga sine strukturar.

Ricoeur knyt identitet til identiteten til *protagonisten*⁷ i forteljinga slik denne kjem til uttrykk i det narrative gjennom *plottet*.⁸ I *Time and Narrative* skildra Ricoeur identitet knytt til plott, som ei kiving eller rivalisering mellom *samsvar* (concordance) og *mangel på samsvar* (discordance) som heilt fram mot slutten av forteljinga trugar identiteten (141). Med *samsvar* meiner Ricoeur eit ordnande prinsipp som styrer dei ulike hendingane, dvs. dei ulike hendingane som utgjer forteljinga som einskap. Med denne einskapen som *samsvar* opprettheld, blir heile tida truga av tilsynekomsten av *mangel på samsvar*, uførutsette hendingar og avgjerande episodar som trer inn i forteljinga. Desse kan vere så skjelsjetjande at identiteten til protagonisten er truga, men dei gir forteljinga ei ny retning, eit nytt samsvar. Desse endringane i lagnad gjer plottet til ein organisert transformasjon frå byrjing til slutt.

⁶ Studie 1-4 er knytt opp mot språk- og handlingsteori. I studie sju, åtte og ni blir den føregåande diskusjonen kopla opp mot etikk og moral. Målet med *Oneself as Another* er ein hermeneutikk av sjølvvet, der identiteten gjennom ei narrativ forståing til sist handlar om moral og etikk. Det blir difor viktig for Ricoeur i denne studien å introdusere narrativ teori som eit bindeledd mellom handlingsteori og moralsk teori.

⁷ Ricoeur brukar forvirrande nok både omgrepa protagonist og karakter om kvarandre som term på helten i narrativ. Eg vel å bruke termen protagonist for å skilje den frå termen karakter som Ricoeur og bruker i argumentasjonen kring sjølvvet (ipse) og det same (idem), jamfør karakter versus å halde ord.

⁸ Plottet er det strukturerande prinsippet i forteljingar/narrativ, det som styrer og organiserer dei ulike hendingane i ei bestemt rekkjefølgje (ikkje nødvendigvis kronologisk).

Komposisjonen av *samsvar* og *mangel på samsvar* kallar Ricoeur *konfigurasjon* (configuration), og han ser denne ”diskordante konkordansen” som eit prinsipp i all form for narrativ komposisjon.

Det som skil narrativ konfigurasjon frå all annan modell om samanheng, er nettopp korleis denne organiserer hendingar (events). I kausale modellar er hendingar og tilsynekomst (occurrence) uskiljelege medan dei i narrativ ikkje nødvendigvis har denne kausaliteten, men blir styrte av konfigurasjonen avhengig av plottet: ”It is a source of discordance inasmuch as it springs up, and a source of concordance inasmuch as it allows the story to advance.” (142).

Det avgjerande steget for å oppnå ei narrativ førestelling om personleg identitet, kjem når ein går frå handling til protagonist. Sidan protagonisten står for handlinga i narrativ, er protagonisten ein narrativ kategori underlagt den same narrative forståinga som plottet. Men kva er det ved protagonisten som gjer den særleg veileigna til å forstå personleg identitet? Svaret ligg i at identiteten til protagonisten er så nært knytt til plottet at dei to ikkje kan skiljast i narrativ: ”...characters, we will say, are themselves plots.” (143). Det er ikkje slik at protagonisten har ein identitet som eksisterer uavhengig av plottet. Det er gjennom plottet, gjennom samanstillinga av dei ulike hendingane at protagonisten får sin identitet. Ricoeur viser til *Om diktekunsten* der Aristoteles påviser korrelasjonen mellom historie fortald og protagonisten: Det er gjennom den fortalde historia at protagonisten opprettheld ein identitet som svarar til einskapen i historia. Identiteten til protagonisten kan berre forståast i lys av denne syntesen. Personen som utgjer protagonisten i forteljinga kan derfor ikkje bli sett lausriven frå erfaringane sine, men deler den dynamiske identiteten som er spesiell for den fortalde historia. Slik er det historia sin identitet som gir protagonisten sin identitet

Vidare viser Ricoeur til moderne narrativ teori der ein har knytt denne korrelasjonen til semiotikk.⁹ Eg vil ikkje bruke tid på å gjengi det her. Hovudsaka er at Ricoeur med dette utfyller argumentasjonen han alt har presentert om den nære koplinga mellom plott og protagonist. Ein merknad bør gjerast i forhold til Ricoeurs drøfting av Claude Bremond, der sistnemnde viser til den sentrale dikotomien mellom *handlanda* (agents) og *lidande* (sufferers). Narrative hendingar definerer ei rekkje konstallasjonar mellom handlande og lidande som opnar for evaluering og som koplar narrativ teori til handlingsteori og etisk teori:

⁹ Ricoeur viser utfyllande til Vladimir Propp, Claude Bremond og A. J. Greimas sine teoriar.

...it is only on these levels that agents and sufferers are raised to the rank of persons and of initiators of action. In this way, through the roles related to the domain of rewards and punishments, the close connection between the theory of action and ethical theory [...] is witnessed on the plane of the narrative. (145)

Dette er eit viktig poeng for Ricoeur. I narrativ blir handlingar direkte knytt til etikk. Berre i narrativ kan vi sjå handlande og lidande som *personar*, og ikkje berre som abstrakte storleikar.¹⁰ Dette er ikkje berre eit viktig poeng for Ricoeur, men for meg i min praksis. Korleis skal vi kunne gi ei stemme til lidande menneske utan gjennom narrativ? Mange deltakarar har nettopp fått uttrykke vanskelege opplevingar gjennom forteljingar, om seg sjølv som andre menneske. Gjennom forteljingar blir slektningar som har blitt drepen i krig, menneske som har lidd urett, løfta fram som personar. Og ikkje minst blir egne opplevingar gjennom forteljingane relatert til handlande eller lidande.

Og i møte med døyande sine forteljingar er mangelen på samsvar, forstått som brotet frå frisk til sjuk, framtrudande.¹¹ Dette brotet gir forteljinga ei ny retning, ein ny konfigurasjon. Kan vi og sjå døyande sine forteljingar i lys av identitetsproblematikken til Ricoeur, dvs. kan vi forstå forteljingane sin identitet som forteljaren sin identitet? Spørsmålet lyt besvarast i forhold til Ricoeurs vidare argumentasjon.

Etter å ha synt koplinga mellom samsvar og mangel på samsvar i den narrative identiteten til protagonisten, blir utfordringa for Ricoeur å påvise den same koplinga i dialektikken mellom sjølvvet og det same: Altså å vise at den narrative identiteten hjå protagonisten utgjer bindeleddet mellom sjølvvet og det same. Utfordringa dukkar opp når protagonisten sitt samsvar og mangel på samsvar blir konfrontert med søken etter permanens i tid, knytt til ideen om identitet: "We have now to show how the dialectic of the character comes to be inscribed in the interval between these two poles (sjølvvet og det same – min komm.) of permanence in time in order to mediate between them." (148).

Den medierande funksjonen som den narrative identiteten til protagonisten fyller mellom sjølvvet (ipse) og det same (idem) er knytt til dei *fantasivariasjonane* (imaginative variations) som forteljinga utset denne identiteten for. Desse fantasivariasjonane fungerer som eit

¹⁰ Den nære koplinga mellom handling og etikk i narrativ er eit viktig poeng for Ricoeur utetter sjette studie, og han argumenterer utfyllande for at narrativ fyller mellomposisjonen mellom handlingsteori og etikk. I denne samanhengen er det ikkje rom for å gjengi heile argumentasjonen.

¹¹ Mangel på samsvar kan i slike døme vere brot i høve til forventningar, planar og liknande, hendingar som ikkje kan definerast reint kausalt.

laboratorium for utprøving i forteljinga av ulike aspekt ved identiteten, av dei to formene for permanens i tid (det same og sjølv). I den daglegdagse erfaringa er det vanskeleg å skilje mellom desse to ulike formene for identitet. I litterær fiksjon derimot, opnar det seg heilt andre moglegheiter for ulike variasjonar mellom desse. Ricoeur viser til litterære fiksjonar som på ulikt vis demonstrerer dette: Frå eventyr og folkesegn der protagonisten har ein fast og gjenkjenneleg karakter (det same), via romanar der protagonisten gjennom forteljinga kan endre seg, utan at karakteren går tapt (ein mellomposisjon der både det same og sjølv har avgjerande påverknad), til moderne romanar der ein kan oppleve ei oppløysing av karakter. Desse siste kallar Ricoeur fiksjonar med tap av identitet og viser til Robert Musils *Mannen uten egenskaper*. Tap av identitet er knytt til tap av narrativ konfigurasjon. Musils verk viser nettopp at tapet av identitet hos protagonisten skjer parallelt med tap av narrativ konfigurasjon. Og tapet av den narrative konfigurasjonen gjer at verket sluttar å vere narrativ og i staden byrjar å nærme seg essayet.

Tap av identitet på denne måten må sjåast i lys av sjølv og det same. For Ricoeur handlar dette om at sjølv (ipse) mistar støtta frå det same (idem). Det er det motsette av den totalt identifiserbare protagonisten der det same og sjølv overlappar kvarandre. Tapet av støtta av idem gjer at ikkje ein ikkje lenger kan sidestille protagonisten i forteljinga med karakter. Kan dette sjåast som ein parallell til arbeidet med eldre og døyande sine forteljingar? Heap (1996) ser at eit av dei største problema for eldre menneske som flyttar på institusjon, er kampen for å bevare seg sjølv. Den eldre har eit behov for å bli sett, som noko meir enn ein institusjonspasient, men som det mennesket han/ho var ein gong og framleis er. Å bli sett handlar om heile menneske, noko som inkluderer både sjølv og det same. Om vi følgjer Ricoeurs argumentasjon kring personleg identitet, treng vi den narrative identiteten for å oppretthalde ein identitet som både er fast fundert og foranderleg på same tid. Med andre ord: Kan ikkje det at eldre og døyande får sjansen til å fortelje, vere ei styrking av den narrative identiteten? Men handlar ikkje Ricoeurs teori om narrativ i fiksjon og ikkje om konkrete liv og levande menneske sine forteljingar? Dette spørsmålet prøver eg med Ricoeur å svare på i det følgjande.

4.2 Eit liv sin narrative einskap:

Etter å ha synt narrativ identitet som bindeledd mellom sjølv og det same i narrativ fiksjon, vender Ricoeur seg mot det han med Alasdair MacIntyre kallar "eit liv sin narrative einskap" ("the narrative unity of a life"). Ricoeurs argumenterer for at det å kunne sjå livet som narrativ er ein føresetnad for å kunne ha eit mål om livet som eit godt liv. Den einaste måten eit handlande subjekt kan gi ein etisk karakter til eige liv som heilskap, er ved å kunne gripe det nemnde livet som ein totalitet. Og dette kan berre gjerast gjennom den narrative forma (ved at livet kan gripast med ei byrjing og ein ende). Særleg viktig bør dette vere i møte med døyande. På kva annan måte kan eit menneske i møtet med døden gripe livet som ein heilskap? Mi erfaring er at forteljingar, munnlege som skriftlege, kan vere ein sjanse til å få løfta fram episodar ein aldri har fått fortalt før, men som ein no ønskjer å fortelje.

Sjølv om Ricoeur ser klare likskapar mellom eige arbeid og MacIntyres *After Virtue*, understrekar han og ulikskapane. MacIntyre er først og fremst opptatt av forteljingar i kvardagen og legg inga avgjerande vekt på skiljet mellom litterære fiksjonar og kvardagsforteljingane. For Ricoeur derimot er dette avgjerande, noko som gjer at han kjem opp i problem MacIntyre unngår, nemleg det problematiske forholdet mellom liv og narrativ fiksjon. Men føremonen for Ricoeur, er at hans fokus på narrativ fiksjon gir andre perspektiv ved at narrativ fiksjon gir unike innsikter i forhold til liv gjennom det laboratorium av tankeeksperiment som denne opnar for.

Utfordringa for Ricoeur blir dermed å vise korleis tankeeksperiment initiert av narrativ fiksjon blir overført til liv all den tid historier blir fortald, ikkje levd (159). Ricoeur tok opp dette problemet alt i *Time and Narrative* der han med Aristoteles sitt mimesisomgrep ser forteljinga som tredelt: mimesis 1 (forfigurasjon), mimesis 2 (konfigurasjon) og mimesis 3 (refigurasjon). Mimesis 2 er det vi reknar som den tradisjonelle forteljinga – plottet og alle delar som høyrer inn her. Mimesis 1 er grunnstrukturane i kulturen og livet som utgjer grunnlaget for konfigurasjonen. Mimesis 3 er sjølve lesinga vår av forteljinga. Gjennom å lese eller lytte til ei forteljing ser vi den i relasjon til vårt eige liv – vi refigurerer den aktivt gjennom at teksten si verd og vår eiga verd møtest. Slik skulle ein tru at Ricoeur alt hadde løyst utfordringa når det gjeld skiljet mellom fiksjon og liv.

Dette er likevel ikkje så lett. Særleg problematisk er forholdet mellom forfattar, forteljar og

protagonist som er tre ulike stemmer i fiksjon. Kven av desse er eg når eg fortolkar livet mitt som ei livshistorie? Forteljar og protagonist er eg nok, men eg kan ikkje vere forfattar av eige liv, høgst ein medforfattar. Eit anna problematisk aspekt er førestillinga om ei byrjing og ein slutt. I fiksjonar har vi ei bestemt byrjing, fastlagt av den narrative forma. Eg har ingen minne om eigen fødsel, dette høyrer til andres forteljing (mine foreldre, eldre søsken, besteforeldre). Og forteljingar har ein endeleg slutt. Denne endelege slutten manglar i ei livsforteljing då vi aldri kan oppleve vår eigen død. Min eigen død høyrer til historiene til dei som overlever meg. Men som Ricoeur alt har påpeikt, må eit liv kunne bli gripen som ein totalitet, om vi skal ha ei kjensle av at det er vellykka, at det er komplett. I tillegg til desse innvendingane kjem alle dei ulike konkurrerande og ofte motstridande plotta i eit menneske sitt liv som til saman utgjer mange ulike potensielle forteljingar, utan ende. Eit anna aspekt er den samanfiltrering (entanglement) med andre menneske sine livshistorier som mi eiga livshistorie utgjer. Kan vi likevel snakke om eit liv sin narrative einskap?

Når det gjeld spørsmålet om forfattar, hevdar Ricoeur at ein gjennom forteljing av eit liv som ein ikkje er forfattar av når det gjeld *eksistens*, blir ein derimot dette livet sin medforfattar når det gjeld *mening* (162). I forhold til den manglande einskapen i eit reelt liv, er det nettopp fiksjonen sine strukturar som hjelper oss til å organisere livet retrospektivt. Slik kan dei narrative byrjingane, hjelpe oss til å stabilisere våre eigne byrjingar. Og sjølv om vi ikkje kan oppleve ein ende på vår livshistorie, gir litteratur oss ei erfaring av kva ein ende kan innebere. I forhold til døden, kan litteraturen og dei narrativ som omhandlar dette, vere med og gi trøyst og forståing gjennom narrasjonens førestilling av ulike døme på dette. Slik ser Ricoeur ei kopling mellom litteratur og vøren-mot-døden.

Desse momenta er alle relevante i forhold til eige arbeid. I forteljingsakta, skriftleg som munnleg, blir deltakarane medforfattar av eige liv når det gjeld mening. Kva for episodar dei trekkjer fram som relevante, kva for hendingar i liva som dei ønskjer å vise fram, blir gjennom den forteljande skapingsakta ei fortolking, ei fortolking om mening som (om vi følgjer Ricoeur) er knytt til identitet. Når Ricoeur snakkar om sjølvets *hermeneutikk* så inneber det nettopp at vi treng ei fortolking for å kunne ha ei forståing av sjølvvet. I ein situasjon der ein er midt oppe i ein særleg sårbar situasjon, har eg opplevd at det deltakarane vel å fortelje om, har stor betydning for dei. Ikkje sjeldan har eg opplevd at dei som meinte dei ikkje hadde noko å fortelje, uttrykte stor takksemnd over nettopp å få sjansen til å fortelje frå livet sitt. Når det gjeld litteratur som vøren-mot-døden, er desse deltakarane sine tekstar

skrivne innanfor eit perspektiv der døden er nærverande (om enn ikkje alltid uttrykt). I ein slik situasjon vil eg hevde at deltakarane sine tekstar seg imellom, i ein særleg grad er eigna til å kunne gi kvarandre nye forståingar og kjennskap til ulike måtar å handsame dette på, kanskje i vel så stor grad som den narrative fiksjonen som Ricoeur viser til. Ikkje minst gjeld dette dei av deltakarane sine forteljingar som handlar om kvardagen og framtida.

Eit anna aspekt ved skiljet mellom narrativ og liv, er i følgje Ricoeur, følgjande misforståing: sidan litterære narrativ er retrospektive kan dei berre seie oss noko om fortida i livet vårt. Men det er berre for forteljaren at hendingane har skjedd i fortida. I dei fortalde hendingane finn vi prosjekt og forventningar som karakteren i forteljinga orienterer seg etter i møte med sin framtidige død. Slik handlar narrativ om *omsorg*. Narrativ lærer oss å artikulere retrospeksjon og prospeksjon. Det er på dette viset ein kan snakke om den narrative einskapen i eit liv. I arbeidet mitt har eg sett opplevd fleire episodar som kan sjåast i samanheng med dette. Ein deltakar hadde fått kome fram med mange forteljingar om livet han hadde levd. Mot slutten var det likevel ein ting han *måtte* få fortelje om: førestillinga han hadde om døden og tida etter. Ikkje berre var dette viktig for han sjølv, men det førte til at andre deltakarar og ville fortelje om sine tankar om dette. Slik vil eg hevde at dette er eit godt eksempel på korleis deltakarane sine forteljingar kan fungere både retrospektivt og prospektivt. Eit annan moment er at forteljingane til deltakarane blir skrivne ned, og vi ser at familie og andre pårørande set stor pris på å lese dei, og slik får ei større forståing, ikkje berre av personen bak forteljinga, men kanskje og i forhold til eige liv.

I forhold til spørsmålet om narrativ som heilskap, kan det og trekkjast ein parallell til det tredelte mimesis-omgrepet Ricoeur innfører i *Time and Narrative*. Om vi ikkje kan oppleve ein ende på eige liv, så er det eigentleg det same som gjer seg gjeldande i forhold til forteljingar. Slik forteljingar treng mimesis 3 for å bli fullendt (forteljinga er ikkje fullendt når forteljinga er slutt, den treng å bli lesen og bli relatert til lesarens eige liv), slik krev og eit liv å bli lese for å bli fullført. Og slik narrativ kan bli lesne på nytt, slik kan og liv bli lesne på nytt på ulike måtar. Fleire gongar har deltakarar kome fram med historier dei, av ulik grunn, ikkje har fortalt før, men som dei no vil fortelje. Og ikkje sjeldan har familiemedlemmer gitt tilbakemelding om at dei etterlatne forteljingane har gitt nye syn på forteljaren. Stundom er det og slik at forteljingane er den mulegheita forteljaren har til å la livet sitt stå att som ei forteljing. Ein av deltakarane døydde og hadde inga familie eller nære venner. Presten som skulle tale i gravferda hadde difor ingenting å ta utgangspunkt i. Men forteljingane som var att

blei lesne og gav eit bilete av barndom, vaksenliv og tankar heilt inn til det siste. Slik kan framleis forteljningane til denne deltakaren seie noko til dei som får lese dei eller lytte til dei.

4. 3 Forteljinga sine etiske implikasjonar

Med støtte i Walter Benjamin understrekar Ricoeur at historieforteljing, frå gamalt, av handlar om utveksling av erfaringar, forstått som praktisk visdom. Utveksling av erfaringar gjennom forteljing inneber evaluering av hendingar og personar. Det same gjer seg gjeldande i narrativ fiksjon: "Moral judgment [...] is [...] subjected to the imaginative variations proper to fiction." (164). Det er gjennom desse vurderingane at forteljinga utfører sin funksjon av oppdaging og transformasjon i forhold til lesaren sine kjensler og handlingar. Dette kan forklarast i lys av eigen praksis. I arbeidet mitt er det ikkje den narrative fiksjonen som står i fokus. Snarare er det ein situasjon som minner meir om den opphavlege utvekslinga av erfaringar gjennom at deltakarane sit i ei gruppe og fortel eller les opp forteljingar. Ein episode her ifrå kan illustrere Ricoeurs poeng: Ei eldre kvinne som sjeldan tok ordet, fortalde ei historie der ho hadde gjort opprør mot ein sjøkaptein som hadde piska ein svart dekksgut ombord på eit skip ho hadde følgd utanfor Afrika. For det første kan denne historia sjåast i forhold til Ricoeurs større drøfting av forteljing som identitet. Det at denne kvinna fekk fortelje historia gjorde noko med henne, både i eige og andre sitt syn. Historia fortalde om kven ho hadde vore og framleis er – sidan nettopp denne historia blei fortald. For det andre presenterte forteljinga deltakarene for ein situasjon som opna for evaluering av personane og hendingane. Dette førte til ein lang diskusjon om korleis dei sjølve ville ha handla i ein liknande situasjon.

Som vi hugsar, delte Ricoeur inn identiteten i det same (idem) og sjølvvet (ipse), der den første er knytt til fenomenet karakter og den andre er knytt til den førestillinga om å vere trufast mot seg sjølv (å halde ord). Å vere trufast mot seg sjølv gjer at andre kan stole på denne personen. Men det gjer og at ein er ansvarleg overfor dei personane som stolar på ein. Dette at ein er ansvarleg over andre inneber eit svar på spørsmålet "Kvar er du?", eit svar som blir formulert med orda "her er eg!", eit svar som er ei stadfesting av å vere trufast mot seg sjølv.

Polaritetane mellom karakter og å halde ord viser den etiske dimensjonen av personleg identitet. Det er mellom desse to polaritetane at vi finn den narrative identiteten. Gjennom å

narrativisere (narrativizing) karakter blir den bakanforliggende rørsla til dei sedimenterte tileigna disposisjonane tydeleg. Ved å narrativisere målet for eit sant liv (true life) gir narrativ identitet det sanne livet gjenkjennelege trekk ved protagonistar som er elska eller respektert. Narrativ identitet gjer at dei to polane blir lenka saman, ved at både *karakter* og *å vere trufast mot seg sjølv* får ein permanens i tid.

Er det mogleg å seie ”kven er eg?” og ”her er eg!” på same tid, spør Ricoeur. I gitte narrative eksempel ser ein jo at sjølvvet forsvinn (t.d. hjå Musils *Mannen uten egenskaper*). Kan ein likevel redde det etiske sjølvvet, når sjølvvet på det narrative planet ser ut til å forsvinne? Ricoeur ser dette som ei fruktbar spenning mellom to modi: mellom narrativ identitet (kven er eg?) og moralsk identitet (her er eg!). Erklæringa ”her er eg!” markerer ein stans i den kvileause vandrainga sjølvvet kan bli utsett for i konfrontasjonen med eit mangfald av modellar for handling og liv. Spørsmålet ”kven er eg?” blir slik erstatta av erklæringa ”her er eg!”, ei erklæring som overskrider subjektet og uttrykkjer ansvar og omsorg for andre menneske: ”The gap between the questions which engulf the narrative imagination and the answer of the subject who has been made responsible by the expectation of the other becomes the secret break at the very heart of commitment.” (168).

Slik sluttar Ricoeur den sjette studien med å løfte fram det etiske ansvaret for andre framfor ein sjølv. Men dette er eit ansvar som gir noko attende. Det er i møte og samkvem med andre at vi lærer oss sjølve å kjenne og slik kan skape og finne vår plass i verda. Slik handlar personleg identitet om at vi må gå omvegen om andre for å forstå oss sjølv, jamfør tittelen *Oneself as Another*. Spenninga mellom narrativ identitet og moralsk identitet er og fruktbar i forhold til eige arbeid. Som tidlegare nemnd, kan identiteten til menneske som er særleg utsett, vere truga. Ikkje minst gjeld dette alvorleg sjuke og døyande. Eg har peikt på at det å få sjansen til å fortelje frå livet, i så måte kan verke identitetsstyrkande. At ein gjennom forteljing får stetta både sjølvvet og det same gjennom den narrative identiteten. Men som Ricoeur viser, kan den narrative identiteten i gitte situasjonar kome under press. Kan det å opne for involvering med andre, hjelpe i ein slik konkret situasjon som mine deltakarar befinn seg i? Eg trur eg kan svare eit ubetinga ja, på det. Å gå frå å spørje ”kven er eg?” til å uttrykkje ”her er eg!” handlar om å vere noko for andre, å stille seg til disposisjon for andres behov. I våre grupper har eg sett at deltakarane nettopp har utvikla sterke band der det like mykje er omsorg for andre som er drivkrafta, som det å få ei stadfesting av seg sjølv.

5. NARRATIV IDENTITET: FILOSOFISK FUNDAMENT FOR PRAKSIS?

Eg har i det føregåande freista å gi ein presentasjon av Paul Ricoeurs omgrep narrativ identitet. Undervegs har eg relatert det til eige arbeid med forteljingar blant alvorleg sjuke og døyande. Det er ikkje tvil om at mange av eksempla og mykje av argumentasjonen til Ricoeur ovrar seg på eit prinsipielt plan som kan verke langt frå eigen praksis. Eg vil likevel hevda at Ricoeurs omgrep narrativ identitet kan vere eit viktig normativt fundament for mitt arbeid. Målet for Ricoeurs *OAA* er ein sjølvets hermeneutikk, underforstått: sjølvet er ikkje noko umiddelbart gitt, men noko vi må fortolke for å kunne gripe. Denne fortolkinga inneber forteljing. Ved å fortelje ei livshistorie får vi presentert hendingane og handlingane slik forteljaren ser det: det som utgjer den narrative identiteten. Og som Ricoeur understrekar: Å sjå livet som ei forteljing handlar ikkje berre om at det er identitetsstyrkande, men at det faktisk er den einaste måten vi kan skjønne personleg identitet på, om vi skal kunne gripe den som noko fast og foranderleg på same tid.

Tilbakemeldingane frå deltakarane eg har møtt i arbeidet med forteljingar blant alvorleg sjuke og døyande, har ofte gått på to ting: at det har vore godt å få fortelje, og at dei blir kjende med kvarandre på ein heilt spesiell måte gjennom forteljingane. Skal vi få ei forståing av desse pasientane, ikkje berre som pasientar, men som menneske, må vi spørje om kven dei er, ikkje berre diagnosen (kva dei er). Og for å kunne svare på det, må dei få sjansen til å fortelje, å få stadfesta sin narrative identitet: "To answer the question 'Who?' [...] is to tell a story of a life. The story told tells about the action of the 'who'. And the identity of this 'who' therefore itself must be narrative identity" (Ricoeur 1988, s. 246).

LITTERATUR

- Heap, K. (1996). *Samtalen i eldreomsorgen*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Ricoeur, P. (1988). *Time and Narrative, Volume 3* (K. Blamey, D. Pellauer, Oms.). Chicago: University of Chicago Press. (Originalutg. publisert 1985)
- Ricoeur, P. (1992). *Oneself as Another* (K. Blamey, oms.). Chicago: University of Chicago Press. (Originalutg. publisert 1990)
- Simms, K. (2003). *Paul Ricoeur*. London: Routledge
- Synnes, O., Ådlandsvik, R., & Sætre, O. (2003). *Tonen og glaset. Pedagogisk arbeid med eldre og verbal kreativitet*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Synnes, O. (2005). Med blikket gjennom livet: Eit forsvar for auka kontakt mellom unge og eldre i eit narrativt perspektiv. I R. Ådlandsvik (red.): *Læring gjennom livsløpet*. Oslo: Universitetsforlaget.